

**Tysnes kommune
Landbruk- og teknisk etat
Råhuset**

5685 Uggdal

17.04.08

Landbruks. og matdepartementet
Postboks 8007 Dep

OO30 Oslo

HØYRING – ENDRING I ODELSLOVEN, KONSESJONSLOVEN OG JORDLOVEN – BESTEMMELSER OM BO- OG DRIVEPLIKT

Grunna tidspunkt for høyringsfrist har det ikkje vore råd å få til politisk handsaming, og det vert gjeve administrativ landbruksfagleg uttale.

Generelt er høyringsforslaget ei stor betring i høve dagens lovverk, likevel slik at det gjev grunnlag for fylgjande merknader:

Det meinest å vere feil å endre arealkravet frå 20 da fulldyrka til 25 da dyrka. Arealgrensa bør fortsatt vert 20 da som før, men berre fulldyrka og overflatedyrka som føreslege. 350 da produktiv skog kan akseptrast, men kva som er produktivt må presiserast, f.eks. 100 l/da som i dag.

Det er uheldig at avgjersmynde er lagt til kommunane. Det medfører store forskjellar mellom kommunane samt frå valgperiode til valgperiode, alt etter kva farge det politiske fleirtalet har. Ved å legge avgjersmyndet til fylkesmannen slik det var før ville desse problema kunne nedtonast i stor grad.

Det er svært positivt at 50 % regelen for overnatting vedr. oppfylling av bu-plikta er fjerna. Dette er ei håplaus ordning som er umogeleg å kontrollere og har aldri fungert reelt.

Fylkesmannen har vore fråværande i kontroll av konsesjonspris, og i praksis er det markedspris på omsetjing av landbrukseigedomar.

Skjønsmessige vurderingar må i størs mogeleg grad fjernast frå lovverket og det etablerast i størst mogeleg grad målbare kriteriar.

Krav til ”lønsam drift” er for diffust formulert og vert eit evigt diskusjons- og anketema om storleik. Lønnsomhet er avhengig av skiftande konjunkturar og varierer. Kravet bør vere ”landbrukseigedom som har potensiale for landbruksdrift”.

8.1. :

Positivt med felles arealgrense for konsesjon, buplikt og odel, men denne bør vere 20 da fulldyrka eller overflatedyrka. 350 da produktiv skog er greit, men krav til produksjonsevne må konkretiserast (f. eks. 100 l / da).

Jordlova § 8. :

Jordbruksareal som kan gje grunnlag for lønsam drift skal drivast av eigaren og haldast i hevd.

Endrast til: ”jordbruksareal om kan gje grunnlag for **landbruksdrift** skal drivast av eigaren og haldast i hevd.

Utanom anførte merknader vert høyringsuttalen tilrådd slik den ligg føre.

Sæbjørn Humlevik
jordbrukssjef